



Fellessøknad Erasmus+ - Retningslinjer og tips for utveljing av deltakarar

Det er viktig for Møre og Romsdal fylkeskommune at det blir gjort ei grundig vurdering ved utveljing av dei aktuelle kandidatane. Det skal likevel ikkje gjerast vurderingar som hindrar personleg utvikling, og det er viktig at eleven/læringsen sjølv meiner at dette er noko han/ho skal klare å handtere.

Følgjande punkt bør særleg vektleggast:

1. At eleven/læringsen opplevast som moden og ansvarsfull nok til å gjennomføre eit slikt prosjekt, med dei utfordringane det inneber.
2. At eleven/læringsen så langt i utdanningsløpet har vist gode haldningar til medelevar og lærarar/tilsette i utplasseringsbedrifta.
3. At eleven/læringsen har gode språkkunnskapar (både norsk og engelsk).
4. At eleven/læringsen har lite fråvær, og har levert/utført arbeidet sitt innanfor gitte fristar.
5. At eleven/læringsen sjølv har eit klart ønske og ein motivasjon for å reise til- og arbeide i et anna land.

Tips til utveljingsprosess for **elevar**:

1. Elevane må først skrive eit søknadsbrev der dei forklarar kvifor dei ønsker å delta i prosjektet. Søknadsbrevet skal sendast til den internasjonale kontaktpersonen ved skulen, innan den fristen som fastsettast.
2. Alle elevar som sender inn søknadsbrev skal deretter bli innkalla til intervju. Intervjua bør gjennomførast av eit panel som både består av tilsette som kjenner eleven, tilsette som ikkje kjenner eleven (dette kan godt vere internasjonal kontaktperson ved skulen), og personar som har ei aktiv rolle i prosjektet.

Ved å inkludere tilsette som ikkje kjenner kandidaten, gir dette både ei objektiv vurdering av kandidaten og verdifulle erfaringar for framtidige jobbintervju. Det at panelet består av tilsette som kjenner eleven, gjer at dei kan gjere ei meir heilskapleg vurdering basert på eleven sin progresjon gjennom utdanningsløpet, og ein person i panelet som har ei aktiv rolle i sjølve prosjektet, kan gjere ei relevant vurdering i forhold til den kompetansen som er nødvendig for å gjennomføre prosjektet på ein god og hensiktsmessig måte.



Tips til utveljingsprosess for lærlingar:

1. Lærlingane må først skrive eit søknadsbrev der dei forklarar kvifor dei ønsker å delta i prosjektet. Søknadsbrevet skal sendast til lærlingen sin kontaktperson ved utdanningsavdelinga i fylkeskommunen eller opplæringskontoret dei er tilknytt. Søknaden må sendast innan fastsatt frist.
2. Lærlingane som sender inn søknadsbrev skal deretter bli innkalla til intervju. Intervjua bør gjennomførast av eit panel som både består av kontaktperson ved opplæringskontoret/utdanningsavdelinga og tilsette i utplasseringsbedrifta som kjenner lærlingen og det arbeidet vedkommande har gjort så langt. Eventuelt kan ein attest frå kontaktpersonen i bedrifta leggjast ved søknaden.

Utveljing av tilsette

For utveljing av tilsette ved skulen for deltaking i prosjekt, bør fokuset liggje på engasjement og motivasjon for deltaking i prosjektet. Dersom det er mange tilsette som ønskjer å delta, bør det gjennomførast strukturerte intervju, der fleire faktorar spelar inn (fagleg relevans, språkkunnskapar, tidlegare deltaking i liknande prosjekt, innsats på arbeidsplassen osv.).

Gode språkkunnskapar er særleg viktig, slik at dialogen mellom dei tilsette i dei ulike deltakarinstitusjonane ikkje førar til mistydingar eller konflikhtar. Den tilsette bør også ha ei god forståing av kulturelle aspekt relatert til mottakarlandet, og må ha eit ønskje om å sette seg inn i slike forhold i forkant av deltakinga. Elles må det òg gjerast ei avklaring frå leiar, om dette er noko vedkommande har anledning til å delta på.

Andre råd for ei god utveljing

1. Kvar enkelt elev/lærling bør få ei personleg tilbakemelding på utveljinga, med moglegheit til å kunne stille spørsmål. Dette gjerast for at kandidatane skal kunne utvikle seg i forhold til framtidige prosessar for jobbsøking og intervju.
2. Det er hensiktsmessig å ikkje berre sende dei aller sterkaste kandidatane, men også elevar/lærlingar som har potensiale for forbetring. Ein kombinasjon kan bidra til at dei som er sterke kan være med på å løfte opp dei andre, og skape ein felles motivasjon og yrkesstoltheit.
3. Kriteria for utveljing bør vere tilgjengelig for elevane heilt frå dei begynner på skulen. Dei som ønskjer å vere med på eit slik prosjekt kan då gjere ein ekstra innsats for å få lov til å være med på prosjektet, allereie frå starten av utdanningsløpet. Moglegheita for deltaking i ei slikt prosjekt kan også verke som ei «gulrot», som motiverar elevane, og som kan bidra til å auke gjennomføringsgraden.



4. For å få meir heilheit, og spreing i prosjektet, kan det vere nyttig å få til eit samarbeid i fellesfaga, slik at elevane til dømes lærer om søknadsskriving i norskfaget og har intervjutrening i engelskfaget i tida fram mot utveljingsprosessen.

Spørsmål kan rettast til Sunniva Hellandsvik Ødegård: sunniva.odegard@mrfylke.no /+47 712 80 383, eller Cecilia Lillthors: cecilia.lillthors@mrfylke.no /+47 712 80 314.